

Referat fra arbeidsgruppemøte for planprogram for Kompetanseplan 4.november 2014

Tilstades:

Anne Hjermann (Fylkesmannen) Kjell Magnar Helland (Høgskolen Stord/Haugesund, Kristian Arnesen (NAV) Vidar Kjøraas (KS) Frode Nergaard Fjeldstad (NHO) Elise Dávøy (LO) Morten Myksvoll (Bergen Næringsråd), Hordaland fylkeskommune: Svein Erik Røskeland, Adeline Berntsen Landro, Eva Katrine Ritland Taule, Heidi Bjønnes Larsen, Kathrin Jakobsen, Agnete Wiborg

Ikkje tilstades: Ingvild Greve (UiB), Sonja Iren Dyrkorn (HiB) Per Willy Mørk Karlsen (HFK)

Dagsorden:

1) Velkommen v/ arbeidsgruppas leder, fylkesdirektør for Regional utvikling Bård Sandal

2) Presentasjonsrunde

3) Bakgrunn og målsetting for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

4) Kva er eit planprogram?

5) Arbeidsprosess og tidsplan

6) Tilgrensande arbeid i Hordaland fylkeskommune

Regional næringsplanen/ Handlingsprogram for næringsplanen v/Heidi Bjønnes Larsen
Regional forskingsstrategi v/ Agnete Wiborg

7) Innspel frå arbeidsgruppa

Ut frå deltakarane sin posisjonar

- Kva ser dei ulike deltakarane som sentrale utfordringar når det gjeld å tilgang til kompetanse og arbeidskraft til privat og offentleg sektor
- Deltakarane orienterer kort om prosesser ved deira institusjonane/organisasjonane som gjeld utvikling av og tilgang på relevant kompetanse og kva for nasjonale føringar det er på arbeidet
- Syn på foreslått avgrensing av planen ut frå deltakarane sin ståstad

Til planprogramarbeidet:

- Kva tema kan vere viktige for planen?
- Forslag til kva kunnskapsgrunnlag vi treng
Hordaland i tal v/Kathrin Jakobsen AUD, Stabseining for analyse, utreiing og dokumentasjon

8) Arbeid fram til neste møte

9) Eventuelt

Referat:

Presentasjonane til punkta 3-6 er blir sendt ved.

5) Angående tidsplan blei følgjande datoar avtalt:

Innspelsmøte **fredag 30. januar** kl. 10-12/12.30

2. møte i arbeidsgruppa **torsdag 19. februar** kl. 9

3. møte i arbeidsgruppa **torsdag 16.april** kl. 9

7) Innspel frå deltakarane

Problemstillingar som ble løfta fram var:

- Behov for betre rådgiving/ utdannings- og yrkesretteleing på alle utdanningsnivå

- Arbeidslivet har stort behov for fagarbeidarar
- Statusen til yrkesfag må hevast
- Utfordringar med å få lærlingeplassar og få alle elevar ut i lære
- Arbeidsinnvandring er viktig for å dekke arbeidskraftbehovet
- Viktig med kvalitet i utdanning og utdanna arbeidskraft
- Etter- og vidareutdanning viktig, det er eit fleksibelt utdanningstilbod.

Avgrensing

Det var generell tilslutning til den avgrensinga som vart foreslått:

Planen tar utgangspunkt i tema som har samanheng med korleis ein med utgangspunkt i utdanningssystemet kan bidra til ei robust forsyning av arbeidskraft til offentlig og privat sektor i Hordaland.

Ut frå diskusjonen kan følgjande tema vere aktuelle for planen:

- **Rådgiving/utdannings- og yrkesretteiing**
Styrke rådgiving og utdannings- og yrkesretteiing på alle nivå: grunnskole, vg. skole og UH-sektoren
- **Gjennomstrømming på utdanningar**
Kva slags problem er det på ulike utdanningsnivå?
- **Framtidsretting av utdanningar**
Kva slags kompetanse er viktig for framtida, til dømes knytt til evne til omstilling, utfordringar knytt til internasjonalisering (språk, kulturkunnskap) etc.? Kva kan dette bety for det faglege innhaldet i ulike utdanningar?
- **Arbeidsmarknaden som opplæringsarena**
Eit tettare samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidsliv for å gje studentar/elevar betre kunnskap om arbeidslivet og arbeidslivet betre kunnskap om kva kompetanse studentar/elevar med ulike utdanningar har.
- **Etter og vidareutdanning**
Etter- og vidareutdanning kan gi fleksible utdanningar tilpassa arbeidslivet sine behov.
- **Innvandring**
Det er viktig å legge til rette for at utanlandsk arbeidskraft kan bidra i arbeidsmarknaden gjennom:
Språk- og samfunnsopplæring
Legge til rette for familiane: Utdanningstilbod for dei vaksne innvandrarane sine barn
Godkjenning/påbygging av utanlandske utdanningar

Ad. Innspelsmøtet 30. januar

Nokre av deltakarane i arbeidsgruppa vil bli utfordra til å halde korte innlegg som introduksjon til diskusjon.

Aktuelle analysar

Hordaland i tal som blei presentert, kan gi grunnlag for ulike analysar, til dømes analyse/framskriving av etterspurnad etter arbeidskraft med tal frå Næringsbarometeret i kombinasjon med tal frå SSB.